
Fra: Byggesak Lindås
Sendt: 22. mai 2018 13:41
Til: 'linn.solemdal96@gmail.com'
Kopi: Siril Therese Sylta
Emne: Vedrørende tomt 12 gbnr.: 202/157

Til Linn Solemdal

Vi viser til dykkar besøk i kundesenteret i dag 22.05.18.

Vi lovde å sjekke opp i om kor mange bueiningar som er bygd ut og om vilkåra for at rekkefølgekravet må oppfyllest har slått inn.

Som vi nemnde er det byggemeldt 8 einebustadar og godkjent 7 nye einebustadar i reguleringsplan Helleåsen (nokre av desse har utleigedel i tråd med vilkåra i §2.1.1.1). Den 8. byggemeldte bustaden er på ein av dei eigedomane som var bygde med bustad/fritidsbustad då planen var godkjent.

Vi har kontrollert med planavdelinga og svaret er at dersom den 8. søknaden vi har inne vert godkjent så må rekkefølgekravet i føresegna § 2.1.1.1 følgjast opp før de kan gjere tiltak på tomt 12 (gbnr 202/157).

§2.1.1.1 - Rekkefølgekrav

Rekkefølgekrav for utbygging (Plan-og bygningslova §12-7) Fylkesveg 391 skal vera utbetra etter §

2.1.2 i føresegna.

Utbyggjar får byggja ut dei 8 første bueiningane før rekkefølgekravet gjeve i føresegnene §

2.1.1.1

vert gjort gjeldande. Ved bygging i område sett av til einebustader vil det i tillegg vera høve til å

byggja sekundærbustad innanfor rekkefølgekravet.

Fylkesvegen skal vera ferdig før det vert gjeve rammeløyve for oppføring av nye husvære utover det som det er gjev løyve til av husvære før rekkefølgekravet slår inn.

Eilin H. Molvik | rådgjevar byggesak

E-post: byggesak@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 51 00

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no



Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på kundesenteret tysdag eller torsdag frå kl. 09.00 til kl. 15.00 (pause frå kl. 11.30-12.00), telefon 56 37 51 00.

Innsending av søknadar og annan dokumentasjon i saker skal sendast til postmottak@lindas.kommune.no